



Og Arkitekter AS  
Kanalveien 11  
5068 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/34 - 19/6411

Saksbehandlar:  
Silje Haukedal  
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:  
16.04.2019

## Orientering om vedtak - gbnr 45/1/111

**Tiltak:** Søknad om riving og nybygg - omsorgsbustader  
**Byggjestad:** Gbnr: 45/1  
**Tiltakshavar:** Radøy kommune  
**Ansvarleg søkjar:** Og Arkitekter AS

Saka gjeld søknad om rammeløyve for riving og nybygg, omsorgsbustader på Manger.

### Politisk handsaming

Saka vart handsama av hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 10.04.2019, der følgjande vedtak vart fatta:

### PLT - vedtak:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk gir med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 12-4 og 11-6, dispensasjon frå gjeldande arealplanar for oppføring av nye omsorgsbustader på gbnr 45/1/111 i samsvar med dispensasjonssøknad journalført 04.01.2019, supplert 22.03.2019. Vedtaket omfattar alle naudsynte dispensasjonar for gjennomføring av tiltaket slik det er skildra gjennom saksutgreiing og vurdering ovanfor. Grunngevinga for dispensasjonsvedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor. Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl § 21-9.

Vidare gir Hovudutval for plan, landbruk og teknisk med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf § 21-4, rammeløyve til riving av eksisterande bygg og oppføring av nye omsorgsbustader på gbnr 45/1/111 i samsvar med søknad om løyve til tiltak journalført motteke 04.01.2019, supplert sist 25.03.2019.

Før igangsettingsløyve blir gitt må det dokumenterast løyve frå Arbeidstilsynet.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf vurderinga ovanfor. Ansvarleg søkar skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4, andre ledd.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i meir enn to år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til Silje Haukedal, e-post: [silje.haukedal@radoy.kommune.no](mailto:silje.haukedal@radoy.kommune.no), tlf: 56349082.

Med helsing

Silje Haukedal  
konst. leiar teknisk forvaltning

Silje Haukedal  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Byggesak Gbnr 45/1/111 Manger - Søknad om dispensasjon og løyve til riving av eksisterande og oppføring av nye omsorgsbustader

### **Kopi til:**

Einar Færø  
Radøy Eldreråd  
Råd for menneske med nedsett  
funksjonsevne

### **Mottakarar:**

Og Arkitekter AS

Kanalveien 11

5068

BERGEN